



NM Rulleskiskyting 2012

14. – 16. september 2012 i Holmenkollen nasjonalanlegg

INVITASJON

Det er ei stor glede for oss å ønskje alle deltakarar med støtteapparat velkomne til NM rulleskiskyting 2012 i Holmenkollen nasjonalanlegg. Etter at “nær-løypene” i anlegget no har fått asfalt, ser vi fram til å presentere eit fullverdig rulleskiskytingsanlegg for skiskyttar-familien.

Merk at ein del av trasseane er krevjande, vi ber difor alle om først å gjere seg kjent med løypene i roleg tempo og utan våpen på ryggen!!

Arena

Holmenkollen nasjonalanlegg, Oslo.

Overnatting

Det er mange alternativ i Oslo. Vi har avtale med Holmenkollen Park Hotel Rica. Sjå nettsida for informasjon om prisar og reservasjon.

Parkering

Det er parkeringsplass ved hoppet, Midtstubakken og ved VM-huset, plassane er skilta. Gjer vel å følgje råd frå parkeringsvaktene

Rennkontor

Arrangementshuset i Holmenkollen (ved mål) frå kl 09.00 fredag, 08.30 laurdag og 07.30 søndag. Rennsekretær: Sigrund Sundet, mobil 91 37 43 50, e-post: sigrundsundet@hotmail.com

Garderobe

Det er garderober i Servicehuset bak skivene.

Kafeteria Det vil vere sal av mat og drikke i kafeen ved målgang, i tillegg til salsboder ved tribunen.

Øvingar

Laurdag: Sprint med to skytingar (150 meter strafferunde)

Søndag: Jaktstart med 4 skytingar (150 meter strafferunde)

Klasser

Inndeling ifølgje reglementet: K17, K18, K19, K20-21, Ksr, M17, M18, M19, M20-21, Msr

Påmelding

Kun elektronisk påmelding innan 7. september 2012 – www.minidrett.no.

Etteranmelding mot dobbel startkontingent så langt vi har kapasitet. Kontakt: Olav Johannessen, mobil: 92 44 00 90, e-post: ola-joh2@online.no

Startkontingent

Kr. 190 for senior, kr. 170 for junior. Klubbvis betaling i etterkant.

Startlisens

Klubbane er ansvarlege for at påmeldte deltakerar har lisens. Vi legg til rette for at ein kan løyse eingongslisens på rennkantoret. Dersom ein har betalt startlisens dei siste 14 dagane før arrangementet, må ein ta med kvittering for kontroll.

Lagleiarmøte

Lagleiarmøte for alle klasser finn stad på Holmenkollen Park Hotel Rica fredag 14. september kl. 18:30.

Startnummer

Må hentast samla for kvar krins på rennkantoret.

Ikkje returnerte startnummer blir fakturert relevant klubb med kr. 250,-.

Innskyting

Krinsvis innskyting. Innskytingslister blir lagt ut på heimesida - www.nmrulleskiskyting2012.no

Avtrekkskontroll Alle utøvarar må utføre avtrekkskontroll **før innskyting**. Kontrollen vil skje i undergangen til standplass. **Merk presiseringa i reglementet om at det skal vere kontroll av avtrekksvekta også før offisiell trening.** Treningsnummer blir utdelt ved avtrekkskontrollen.

Start-tider (med atterhald om endringar) –

merk at starttidene er tilpassa NRK sine behov i samband med TV-sending frå seniorklassane

Laurdag - sprint

Kl. 10.00 Startrekkefølge: M18, M17, K19, K18, K17

Kl. 13.20 Startrekkefølge: M19, K20-21, M20-21

Kl. 16.00 Ksr

Kl. 16.45 Msr

Startintervall: 30 sekund

Søndag - jaktstart

Kl. 09.10 Startrekkefølge: M18, M17, K19, K18, K17

Kl. 13.00 Startrekkefølge: M19, K20-21, M20-21

Kl. 16.10 Ksr

Kl. 17.00 Msr

Rulleski

Utøvarane låner rulleski av arrangøren – desse blir utlevert ved inngang til startområdet kort tid før start.

Hjelm

Utøvarane må bruke CE-godkjent hjelm utan endringar

Tidtaking

Tidtakinga er basert på SIWI-data sitt system, og tidtakarbrikker blir brukt.

Alle utøvarar vil få utlevert tidtakarbrikker kort før start.

Resultatlistar

Offisielle resultatlistar blir å finne på nettsidene kort tid etter rennslutt.

Premiering

Premiering i samsvar med NSSF sitt regelverk.

Spørsmål om rennet

Rennleiar Bjørn Ståle Tennfjord, mobil: 90 50 62 63, e-post: tennfjord@inoil.no

TD

Asløv Jørgensen, Bjerkvik, mobil: 91 57 77 69, e-post: aslojo@online.no

Jens Schjerven, Simostranda, mobil: 93 26 29 23, e-post: jens.schjerven@gmail.com



Børge O. Steen
ASKER OG BÆRUM